



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

5627 JONDAL

Tlf: 53668437

kyrkjeverje@jondalkyrkje.no

Kirkerådet
Rådhusgata 1 - 3
0106 OSLO

Kyrkjekontoret 15.05.2015

Høyringssvar frå Jondal Sokneråd: Veivalg for fremtidig kirkeordning

1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Svar: JA

Me meiner at det må opprettast eit nytt, robust fellesråd på lågast mogleg nivå, tilsvarende ein ny kommunestruktur. Dette fellesrådet skal utøva arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i kyrkja innanfor sitt område, og for profesjonell ivaretaking av gravferdsforvaltninga, kyrkjebygga og det som elles kjem inn under Kyrkjelova sin §14.

- Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra soknet v/soknerådet reelt høve til påverknad på eiga strategisk utvikling, økonomisk forvaltning og påverknad i samband med tilsetjingar som skal ha sitt arbeid i soknet.
- Soknet som kyrkja si grunneining, og Grunnlovas forventning om ei landsdekkande folkekyrkje tilseier at Kyrkjelova må fastslå at soknet skal vere ei sjølvstendig juridisk eining.
- Me meiner at så lenge kyrkja sin økonomi i hovudsak kjem frå kommunale løyvingar, er samspelet mellom fellesrådet og kommunen heilt avgjerande.
- Det er viktig med nærleik, relasjon og god kommunikasjon mellom kyrkja (kyrkjeleg fellesråd) og kommunen. Dette er avgjerande i samband med finansiering av kyrkja (gjennom direkte tilskot og tenesteytingsavtalar), men også i mange samanhengar som ikkje vedkjem økonomi. Difor meiner me at kyrkja treng eit representativt og profesjonelt fellesråd som talar kyrkja si sak direkte til kommunepolitikarane.
- I høyringssvara til NOU 2013:1, Det livssynsopne samfunn, seier over 90% av dei som har svart at gravferdsforvaltninga også i framtida bør forvaltast av kyrkja. I vår framtidige



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

organisering av folkekyrkja må me difor syte for at me har organ som kan ivareta denne forvaltninga på ein like god måte som i dag.

2 Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Svar:

JA

Dersom den offentlege finansieringa av kyrkja vert borte, eller vert vesentleg redusert, vil folkekyrkja endre karakter. Ei vidareføring av dagens finansiering over kommunale og statlege budsjett synest å vera best for å sikre ei brei folkekyrkje også i framtida.

3 Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Svar:

Dersom dagens finansiering heilt eller delvis forsvinn, meiner me ei ålmenn livssynsavgift (over skattesetelen) er best eigna for å ivareta Den norske kyrkja sin karakter som folkekyrkje. Om det vert medlemsavgift kan det liggja ein økonomisk gevinst i å ikkje vera medlem i eit trus- eller livssynssamfunn. Det er i tillegg stor ulikskap i betalingsevne på ulike medlemsskap.

4 Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Svar:

Dersom ein opprettar nye, sterke fellesråd parallelt med en ny kommunestruktur, vil ein kunne redusera dagens 430 fellesråd til langt færre. Ved å plassera arbeidsgjevaransvaret til fellesråd i samsvar med ny kommunestruktur vil ein i prinsippet kunne avgrensa seg til tre nivå i kyrkja:
Kyrkjemøte – Fellesråd – Sokneråd.

Me vurderer det likevel slik at det er tenleg å oppretthalda bispedømerådet som valt, demokratisk organ, men avgrensa arbeidsområda i høve til dagens funksjon. Aktuelle oppgåver kan vera strategisk arbeid i bispedømet, fordeling av statlege ressursar, rådgjevande organ for biskopen, rekruttering til Kyrkjemøtet, saksførebuing og oppfølging av saker frå Kyrkjemøtet, og tilsetjing av medarbeidarar som ikkje har soknet/fellesrådet som arbeidsstad. Det bør vurderast andre måtar å rekruttera til Kyrkjemøtet på, som i større grad enn i dag fangar opp heilskapen i den lokale kyrkjelege strukturen, og representerar grunneininga i kyrkja på ein betre måte enn i dag.



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

(Jfr. Svar på spørsmål 20. I dag er det ingen direkte samanheng mellom lokalkyrkja og kyrkjemøtet, kun frå regionalt nivå til Kyrkjemøtet).

Rådgevingsfunksjonar for gravplassar, kyrkjebygg, kyrkjekunst m.m. kan med fordel flyttast til nasjonalt nivå og styrkjast der. Til dømes nyttar bispedøma nasjonal rådgjever i spørsmål om kyrkjegardar og Riksantikvaren har både uttale og avgjerande mynde i høve til listeførte og verna kyrkjer. Difor kan eit organ på landsnivå ha ansvar for desse sakene. Det er i dag særdeles tungvinte rutinar med utale frå sokneråd – søknad frå fellesråd – påteikning eller tilleggsbrev frå sokneprest om han ønskjer det – vidaresending til prost som skal uttala seg – til bispedømet – som igjen søker råd og så er det same veg tilbake med svaret. Det er eit stort byråkrati for kvar enkelt sak. Dei sparte ressursane frå kvart bispedøme innanfor desse felte må nyttast til å styrkja fagkompetanse og rådgevingsfunksjonar for kyrkjelydsarbeidet (trusopplæring, diakoni, misjon, gudstenesteliv, kyrkjemusikk mv) til beste for sokna og fellesråda sine tilsette.

5 Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Kyrkja ytrar seg primært gjennom det lokale kyrkjelydsarbeidet, med gudstenesteliv, diakoni, trusopplæring, kyrkjemusikk m.m., og ein må sjå soknet som den organisatoriske ramma rundt dette. Samstundes tilseier busetjingsmønster, geografi og avgrensa ressursar at soknet ofte må omfatte meir enn *ein* gudstenestestad. Med utgangspunkt i dei store skilnadane i landet må ein finne løysingar som både gjev rammer og fleksibilitet til lokale tilpassingar, slik at soknet ikkje må vere knytt eksklusivt til ein einskild gudstenestestad, eller t.d. til store områder som kommunegrenser. Soknet må ha minst ei kyrkje og ein gravplass, men ikkje vere større enn at ein kan ivareta lokalt engasjement. Storleiken på soknet kan ikkje avgjerast ut frå kriterier om eigen stab og dagleg leiing for kvart sokn, det er kun i byar at slike kriteriar kan leggjast til grunn.

Me meiner som kyrkjerådet at soknet skal vere den grunnleggjande eininga, og at kyrkjeordninga på sikt bør fastsetja nokre kriterier for inndeling som ivaretek lokale skilnader i landet.

6 Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Svar:

JA

Refleksjonsprosessen viste at dei fleste råd i Norge er nøgd med dagens system med to organ. Det valde sokneråd får i denne ordninga konsentrera seg om Kyrkjelova §9 der nærleik og evne til lokal tilpassing er viktig. Andre oppgaver



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

med krav om spesialkompetanse på ulike fagfelt (gravferdsforvaltning, kyrkjebyggforvaltning, personalavdeling, økonomiforvaltning m.m.) vert ivareteke av fellesrådet.

7 Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?

Svar:

På kommunenivå etter at kommunereforma er vedteken.

Alternativt på justert prostinivå/felles for fleire kommunar dersom kommunane ikkje vert store nok til at ein får robuste forvaltningseiningar/fellesråd.

8 Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Svar:

Jfr svar på spørsmål 1. Soknerådet må sikrast reell påverknad på eiga verksemd både når det gjeld ansvar i den strategiske utviklinga i soknet, med høve til å påverka kven som vert tilsett der, og økonomisk handlingsrom.

Soknerådet har ansvar for planarbeidet, men ei samordning er nødvendig på fellesrådsnivå ut frå ressurstilgang. Dei fagtilsette i fellesrådet må ha ansvar i lag med sokneråda i utforminga av lokale planar. På denne måten får ein eit tettare samvirke mellom råda og vil styrka det lokale kyrkjelydsarbeidet.

9 Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Svar:

Ja.

Styrings- og leiingsansvaret kan liggja til sokneråd og fellesråd med oppgavefordeling som i dag.

Sjå elles svar på pkt 8.

10 Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Svar:

I små sokn er alle tilsett av fellesråd og fellesrådet har tilsett dagleg leiar. Dagleg leiar i fellesrådet ivaretek på denne måten også dagleg leiing i sokneråda.

Hovudregel bør vera at det ikkje er prest som er dagleg leiar, m.a. fordi dette vil skape ubalanse i samvirket mellom råd og embete.

Den daglege leiinga handlar om administrativ og økonomisk leiing, arbeidsgjevarar styring, strategisk leiing, fagleg leiing og åndeleg og pastoral leiing. Presten skal i si teneste utøva pastoralt og åndeleg leiarskap. Prestetenesta må sikrast eit sjølvstendig ansvar for dette gjennom tenesteordninga.



11 Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Kyrkja sitt oppdrag er stort og krevjande, medan ressursane er avgrensa. Difor treng me også i framtida ein biskop som er

- ein tydeleg vegvisar og visjonsberar for alle tilsette, frivillige og rådsmedlemer
- ein som kan teikna bilete av kva det vil sei å vere kyrkje i vår tid
- ein som kan gje oss nytt frimod, ny stoltheit og ny energi i vårt kyrkjelege arbeid
- Biskopen må framleis sikrast ei sentral rolle i samband med tilsetjing av ordinerte prestar og andre vigsla stillingar.
- Biskopen kvalitetssikrar vigsla medarbeidarar si teneste.
- Biskopen har tilsyn med kyrkjelydane og **alle medarbeidarane** i bispedømmet.

12 Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Svar:

Me meiner biskopen framleis må sikrast ei sentral rolle i samband med tilsetjing av prestar og vigsla stillingar, men utan å vera arbeidsgjevar.

Me meiner biskopen sitt tilsyn må gjelde alle instansar i bispedømmet som har eit arbeidsgjevaransvar, - og at tilsynet omfattar alle stillingskategoriar.

Biskopen ordinerer til prestetenesta og det er berre han/ho som kan gje ein person retten til å vere prest.

Tilsvarande må det vere ordningar for varig eller mellombels oppheving av ordinasjonsfullmaktene og for tap av desse ved avskjed, oppseiing eller suspensjon. For å ivareta tilsynsansvaret kan biskopen ikkje berre gje råd og rettleiing, men også bindande pålegg vedkomande tilsette si tenesteutøving.

Det er biskopen sitt ansvar å sjå til at dei grunnleggande kyrkjelege tenestene vert ivaretekne. Heilt sentralt i denne samanheng er gudstenestene og anna forkynnande arbeid. I tillegg ser me det som sjølv sagt at biskopen framleis skal ha eit ansvar for å godkjenna lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, undervisning/trusopplæring og gudstenesteliv.

13 Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Lik ordninga i dag.

14 Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

Svar:

Etter vårt syn er ikkje bispedømerådet som valt, demokratisk organ heilt naudsynt. Ein kan likevel sjå det som tenleg at rådet fortset i revidert utgåve. Jfr svar 4.

15 Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Svar:

Jfr svar 4.

16 Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Svar:

JA.

Jfr svar på spørsmål 1. Me meiner at ei ny kyrkjeordning må sikra at det vert etablert eit system der kyrkja sine omfattande tenester vert vidareført under eit felles og heilskapleg arbeidsgjevaransvar med felles mål, felles strategi og felles forplikting for alle tilsette.

- Me meiner at det må opprettast fellesråd på nivå med ny kommunestruktur, eventuelt justert prostinivå for å ivareta arbeidsgjevaransvaret for alle tilsette i kyrkja innan sitt område.
- Eit av fleire argument for at fellesrådet skal vera arbeidsgjevar er at me meiner kommunen framleis skal finansiere det meste av verksemda og dei tilsette i lokalkyrkja. Me trur det er ein reell fare for at kommunen sitt engasjement i kyrkja vil verte vesentleg svekka dersom arbeidsgjevaransvaret skal liggje på bispedømenivå.
- Leiingsfunksjonen bør liggja på same nivå som der ein vert tilsett. Elles vil ein kunne oppleve ei pulverisering av arbeidsgjevar sin styringsrett (tilsetja, sei opp, leia, styra og kontrollera).

17 I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ).

Svar:

Arbeidsgjevarfunksjonen må liggja i det organet som tilset.

Me registrerar at mange representantar for prestar, biskopar og bispedømeråd arbeider for at alle skal verta tilsett på bispedømenivå.

Erfaring med sokneråd og fellesrådet som arbeidsgjevar har vist at dette er ei tenleg og god ordning.

Om biskop og prestar ikkje kan finn det tenleg å verta tilsett i eit fellesråd som omfattar større område enn i dag, kan prestane verta tilsett av biskopen.

Det er avgjerande at ordninga med fellesrådet som arbeidsgjevar for alle andre stillingar også dei vigsla, ikkje vert svekka. Dette er viktig for samkjensla og evna til å sjå at alle medarbeidarane er viktige for at kyrkja som heilskap skal fungera.



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

18 I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Svar:

I svært liten grad. Dersom kommunereforma nokon stader ikkje ender opp i kommunar som gjev robuste fellesråd, bør det vera mogeleg med samarbeid over fleire fellesråd (vertsfellessrådsmodell, prostimodell el.l.)

19 Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestedtjenesten og andre vigslede tjenester?

Svar:

Ved at prosten har eit fagleg leiaransvar for prestenesta i prostiet og vegleiingsfunksjon for andre stillingar som omfattar forkynning og opplæring. Presteressursane er viktig i alt evangelisk og forkynnande arbeid, og må sikrast medverknad i arbeid med strategisk utvikling av kyrkjebyggjande arbeid.

20 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Svar:

Me må sjå til at Kyrkjemøtet er eit sjølvstendig organ som skal tena og arbeida for heilskapen i kyrkja og den lokale strukturen. Det er viktig at Kyrkjemøtet ikkje vert bispedømeråda sin interesseorganisasjon. Dette vert særdeles viktig når Kyrkjemøtet skal fordela økonomiske ressursar. Kyrkjemøtet må i større grad ta omsyn til kven som skal betala rekninga når det gjer vedtak som har økonomiske konsekvensar.

21 Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Svar:

Det bør utgreiast korleis ein kan «rekruttera» til Kyrkjemøtet på en slik måte at møtet i større grad representerer lokalkyrkja og ikkje berre har med representantane frå bispedømerådet. Slik valet til bispedøme går føre seg i dag, vert det for få representantar frå dei lokale sokne- og fellesråd. Samtidig må ein ta omsyn til ønskje i demokratireforma om direkte val til kyrkjemøtet.

22 Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

Svar

Dette har ikkje arbeidsgruppa synspunkt på.

23 Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Svar:

Biskopane bør organisatorisk leiast av preses. Både biskop m/stab og preses m/stab bør formelt vera tilsett av Kyrkjerådet. Biskopane må saman koma fram til felles køyreregler i prosedyrespørsmål, regelverk m.m, men teologisk sett må kvar biskop ha full fridom.

24 Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Svar:

Kyrkjerådet bør ha representantar frå alle bispedøme og som for liknande styreformer stå ansvarleg overfor Kyrkjemøtet. Samansetninga må som, på same måte som Kyrkjemøtet, spegla lokalkyrkja i større grad enn i dag. Me set spørsmål ved om kyrkjerådet er representativt for kyrkja si heilskap når samansetning er 4 prestar og ein lek tilsett. Denne skilnaden må utjamnast.

25 Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Svar:

Dersom lærenemnda vert nedlagt bør bispemøtet overta denne funksjonen.

26 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Lik ordninga i dag.

27 Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Svar:

Lik ordninga i dag

Sluttkommentar:

Me stiller oss undrande til at høyringsdokumentet har teke lite omsyn til dei svar som vart gjevne i refleksjonsprosessen i 2012. I denne prosessen var det berre 1-2% som ynskte felles



DEN NORSKE KYRKJA

Jondal Sokneråd med fellesrådsfunksjon

arbeidsgjevaransvar på sentralt nivå, og det var ikkje fleirtal for bispedømerådsnivå. Likevel er dette synet fronta i dokumentet, og i Kyrkjerådet sine fleirtals-tilrådingar. Felles arbeidsgjevar er viktig for felles ansvar og styring. Det er viktig å ha arbeidsgjevaransvaret som inneber å styra, leia og kontrollera nærast mogleg der arbeidet skal utførast.

Likeleis står ein att med eit sterkt inntrykk av at Den norske kyrkja skal sentraliserast inn mot regionalt og nasjonalt nivå, ved å flytta oppgåver, ansvar og funksjonar frå soknet sine organ.

Dette står i sterk kontrast til utsegnene om at lokalkyrkja skal styrkjast.

Å styrkja lokalkyrkja er avgjerande for å behalda og fornya lokalt engasjement i kyrkja – utan dette engasjementet vil me ikkje ha ei landsdekkande folkekyrkja i framtida.

Me registrerar at biskopen i Bjørgvin argumenterer sterkt for at alle skal verta tilsett på bispedømenivå. Om kyrkjemøtet sitt vedtak om ein arbeidsgjevar skal føra til at alle skal vera tilsett på bispedøme vil dette svekka lokalkyrkja kraftig og føra til auka byråkratisering og tidsbruk. Det er viktigare å behalda den gode funksjonsdelinga som er i dag mellom sokneråd og fellesråd der fellesrådet er arbeidsgjevar enn at prestane skal verta tilsett på fellesrådet sitt nivå.

For Jondal Sokneråd

Magnar Sollesnes
Leiar